



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«UTLANDSADRESSE»

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Anne Lise Næs		2019/865-49	«REF»	22.09.2020

Møterefertat av 17.9.2020

Detaljregulering for Skjelnesodden ferjekai, 171/1 m. fl. - Varaldsøy PlanID 20190005

Det vart 17.9.2020 hald teams-møte for gå gjennom rapport frå forprosjekt for Skjelnesodden ferjekai.

Kommunen ynskjer mellom anna å avklare behov for vidare utgreiingar i kommunen sitt arbeidet med detaljregulering for Skjelnesodden ferjekai. Vegfaglege tilbakemeldingar var også på agendaen, og det er ønskjeleg å få tilbakemelding på fylkeskommunen sine tankar om prosjektet med (økonomi og gjennomføring).

Administrasjonen ynskjer å fremje politisk sak for vidare framdrift av planarbeidet, eventuelt via planstrategien, men treng fylkeskommunen si tilbakemelding på prosjektet. Dette om det tekniske, men også i høve til reell gjennomføring.

Til stades:

Vestland fylkeskommune: Guri Finne Sognnæs, Inge Edvardsen og
Stig Håkon Kristoffersen (skyss)

Kvinnherad kommune: Kjartan Thoresen og Anne-Lise Næs, Planavdelinga

Abo Plan & Arkitektur AS: Turid Verdal og Rene Ulrich Olsen

Anne-Lise ønska velkommen og orienterte kort om prosessen som hadde vore, og om agendaen for møtet.

Inge orienterte om at planprogram for revidert regional transportplan er til handsaming for vedtak 17.09.2020. Han presiserte at det var viktig at kommunen kom med innspel til sjølve RTP når det vert opna for konkrete prosjektinnspel.

Turid Verdal presentert forprosjektet

Alternativet Glevika med 35 oppstillingsplassar ved ferjekaien og tilkomstveg 4m breidde og stigning 10% er det alternativet som kjem best ut i forprosjektet.

Landskapstilpassing, naturressursar, kulturmiljø, naturmangfald og støy er førebels utgreidd på kommuneplannivå. Nokre få hus ligg i gul støysone ut frå dei parametrar som låg i KDP. Det gjenstår nokre utgreiingar, som til dømes kartlegging av sjøbotn og geotekniske undersøkingar.

Anne-Lise påpeika at det hadde vore viktig å halde overskotsmassen så liten som mulig, og Rene påpeika at landskapsbilete og tilpassing hadde vore viktig.

Under forprosjektet kom det også fram at det ved Hestvika er veldig masse straum i sjøen.

Guri orienterer om at fylkeskommunen vil drøfte saka internt og kome med ei tilbakemelding. I dette er også vurdering av tal biloppstillingsplassar. Det vart presisert at denne tilbakemelding må ikkje sjåast på som ei *godkjenning* av prosjektet, men rettleiing i høve til utforming av dei tekniske forholda i forprosjektet.

Drøfting

Me drøfta litt kring kvifor fylkeskommunen ikkje hadde vore meir involvert, og konkluderte med at det hadde vore travelt hjå fylkeskommunen med samanslåing og diverse.

Fylkeskommune var likevel godt inkludert i prosessen med kommunedelplanen for ferjekai på Varaldsøy.

Stig var opptatt av den økonomiske effekten ved eit nytt ferjeleie, og meiner den først blir god ved å bytte til ei stor ferje. Han konstaterer at eksisterande ferjekai ikkje er så god, men at trafikken er stabil. Viktig at ein legg til rette for alternativ passasjerbåtløysing dersom ferja blir innstilt, og at slik kai ligg nært til ferjeleie med parkering. Det er ikkje i dette planarbeidet lagt opp til lading på Varaldsøy, og dette påpeika også Stig.

Kjartan repeterte om bakgrunnen for ny ferjekai; om kortare ferjestrekk, dårleg stand på eksisterande kai og håp om hyppigare avgang. Kjartan påpeika at kommunen treng tydelege signal på kva fylkeskommunen vil med ferjeløysing på Varaldsøy.

Guri orienterte om at fråvik må behandlast før detaljregulering kan vedtakast, og helst før planen sendast på høyring. Ho orientert om at sjøkartlegging og geotekniske undersøkingar må på plass i reguleringsplanen, og om det er behov for oppdatering av støyrapporten skulle sjekkast. VLFK vil elles skrive litt kring deira tankar om trong for vidare utgreiingar.

Med helsing

Anne Lise Næs
Planleggjar off. planforslag

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:
Kjartan Thoresen